




**SOGN OG FJORDANE  
SKOGEIGARLAG BA**

Adresse: Postboks 185, 6801 FORDE  
Telefon: 57 72 32 80



**Stryn kommune**

Adresse: Tonningsgata 4, 6783 STRYN  
Telefon: 57 87 47 00

Til skogeigarar i Stryn

Dato: Mai 2008

## **LEVERANSAR AV TØMMER FRÅ STRYN – MILJØKRAV - MILJØPLAN**

Sogn og Fjordane Skogeigarlag vart miljøsertifisert i 2001. Denne sertifiseringa er eit krav for å få levere massevirke frå fylket. Ei viktig forplikting i skogeigarlaget si miljøgodkjenning er at alle leverandorane til skogeigarlaget må kjenne til og overhalde dei 25 kravpunkta i *Levende Skog*. Stoff om Levende Skog finn du i skogeigarlaget sitt informasjonsblad eller på [www.levendeskog.no](http://www.levendeskog.no).

Eitt av kravpunkta i Levende Skog seier at skogeigaren er ansvarleg for å få registrert såkalla *nokkelbiotopar* på eigedomen. Ein nokkelbiotop er eit avgrensa område som er spesielt verdfullt for det biologiske mangfaldet. I slike biotopar kan det vere aktuelt å ikkje drive skogen i det heile eller iverksetje spesielle tiltak. I praksis vil det vere snakk om arealfigurar frå 2 og opp til 20-30 dekar.

Skogeigarlaget har lagt ein plan for registrering av nokkelbiotopar over heile fylket, og denne sommaren vil arbeidet pågå i Stryn. *Etter at nokkelbiotopregistreringane er utforte i ein kommune, vil berre skogeigarar som har skaffa seg oversyn over desse, kunne levere tommer til skogeigarlaget.*

Etter at ein har gjennomført registreringa, vil det bli halde eit utvalsmote, der dei endelege nokkelbiotopane vil bli utpeika. Her deltek representantar frå skogeigarlaget, frå kommunen og det lokale skogeigarlaget og i tillegg biologisk kompetanse. Ved utveljinga legg ein vekt på dei biologiske verdiane, men ein prøver også å legge miljøfigurane i område og terreng som har minst økonomisk betydning for skogeigarane. Det vert også høve for skogeigaren å kome med innvendingar til konkrete biotopar. I så fall vil ein sjå på om ein kan finne alternative område.

Mange skogeigarar vil ikkje få nokkelbiotopar i det heile på eigedomen sin. Men dei som har fått slike, vil få opplysningar i form av ein enkel miljøplan. Planane vil vere svært rimelege eller evt. gratis for skogeigaren. Vi reknar med at desse vil vere klar på våren neste år.

Med helsing

Sogn og Fjordane Skogeigarlag

Stryn Skogeigarlag

Vikane Skogeigarlag

Stryn Kommune

Terje Engvik

Eivind Molland

Arne Solheim

Hans Kjesbu

Disponent

Leiar

Leiar

Skogbrukssjef

- sign -

- sign -

- sign -

- sign -